



Vår saksbehandlar  
Jostein Fondenes – tlf 57 65 51 03  
E-post: jf@fmsf.no

Vår dato  
07.06.2006  
Dykkar dato  
13.03.2006

Vår referanse  
2006/1303 - 001.6

Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep  
0030 Oslo

<b>FINANSDEPARTEMENTET</b>	
12. JUN. 2006	
Saksnr.	02   3676 -
Arkivnr.	

## Høyring om Skattedirektoratet sitt framlegg til reorganisering av skatteetaten

Vi syner til brev av 13.3.06.

*Fylkesmannen har ikkje innvendingar til at det vert gjort endring i skatteetaten si organisering og i oppgåver, tilpassa eit moderne næringsliv, ei elektronisk forvaltning og elles den utviklinga som skjer nasjonalt og globalt. På den andre sida er det viktig at skatteetaten har eit servicenivå, og ein nærleik til brukarane, ikkje minst næringslivet, som gjer at rettleiing og kontroll kan utøvast på ein god måte. Det er og viktig å ikkje sjå på endringar i skatteetaten åleine, utan også å sjå på den strukturendringa som skjer i andre offentlege etatar. Vi rår til at den kompetansen, og dei kompetansearbeidsplassane som alt er i fylka, vert vidare bygde opp, med tanke på desentralisering av oppgåver.*

Fylkesmannen vil likevel peike på at dei seinare åra har det skjedd vesentlege endringar i strukturen til mange statlege etatar. Nokre er organisert i regionar, som ikkje er ulike dei Finansdepartementet gjer framlegg om for skatteetaten. Medan andre er heilt ulike. For folk flest er det forvirrande at endringane ikkje ser ut til å vere samordna. Fylke vert erstatta av regionar, det skjer omorganisering lokalt (politiet og domstolane), og fleire kommunar vert dekkja av eitt kontor (Aetat og likningskontora). Samstundes med dette har vi etableringa av NAV. Men ikkje minst arbeider regjeringa med ei omfattande forvaltningsreform, som truleg fører til endringar for fylkeskommunar og fylkesmenn. Vi rår til at skatteetaten ventar med å fastsetje si endelege organisering til ein ser strukturen av forvaltningsreforma.

I planen eNorge 2009 ynskjer regjeringa at avansert teknologi skal gi innbyggjarar og næringsliv ein enklare kvardag. I den samanheng har Sogn og Fjordane peika seg ut på fleire område. Vi kan mellom anna nemne etaten og tenestene kring Norge.no, som er lokalisert saman med fylkeskontoret for skatteetaten i Sogn og Fjordane. Alt ligg til rette for å utvikle eit samarbeid ved bruk av moderne teknologi til å skape nye kompetansearbeidsplassar i Sogn og Fjordane, og til å ta på seg landsdekkande servicefunksjonar.

Med ei moderne forvaltning og elektroniske tenester, burde det ikkje bety mykje kvar ein legg arbeidsplassar og oppgåver. For distrikta betyr ei lokalisering av arbeidsplassar mykje, både med omsyn til stabil arbeidskraft og kompetanseoppbygging. Vi rekrutterer godt til offentlege stillingar. Vi har stabil arbeidskraft. Vi har høg kompetanse. Dette saman med nærleik til brukarane er ein vinn-vinn-situasjon for alle: Publikum med tilgang på god kompetanse, og det offentlege med tanke på å kunne utvikle gode tenester. Sogn og Fjordane

er eit stort kyst-, oppdrett- og fiskerifylke. Vi er eit viktig fylke i landbrukssamanheng, bygdeutvikling, innan turisme og kraftindustri. Dette er fordelar som også skatteetaten bør dra vekslar på med tanke på landsdekkande oppgåver, og der ein samstundes vil ha nærleiken til store brukarar av etaten.

I den samanheng noterer vi oss at oppgåver er lokalisert og tenkt lagt til region Nord- og Midt-Norge. Det er spesifisert oppgåver som ligg og skal liggje til dei andre regionane. Sogn og Fjordane er ikkje nemnde i høyringsnotatet til slike oppgåver. Men med den kompetansen som alt er i skatteetaten, og det nære samarbeidet som er etablert mellom offentlege etatar i vårt fylke, finn vi det rimeleg at også Sogn og Fjordane får sin del av dei landsdekkande oppgåvene. Når ein tilrår å legge regionleiinga til Bergen, vil det vere naturleg å sjå på korleis ein kan bygge opp eit sentralskattekontor i vårt fylke.

Organiseringa av etaten bør vere så gjennomtenkt at den legg premisser for fleire år. Ikkje minst med tanke på dei tilsette sin arbeidssituasjon. Dersom det vert ei regionalisering av etaten, trur vi det er viktig at leiinga av regionane vert fristilt frå dagleg leiing av vedkomande skattekontor. Det er viktig med ei regionleiing som ser heile regionen under eitt.

Skatteetaten må leggje vekt på nærleik til alle innbyggjarar. Ei samling av fleire skatteoppgåver under ein paraply, skattekontor, trur vi er til beste for publikum og etat.

Med helsing

*for*  
*Petter Øyar*  
Oddvar Flæte

*Jøstein Fondenes*  
Jøstein Fondenes  
administrasjonssjef